

# Kontrakt for tilgang til meirope bibliotek

**Velkomen som brukar av Vågsøy folkebibliotek sitt meirope bibliotek!**

Denne kontrakten gir deg tilgang til Vågsøy folkebibliotek sine lokale frå kl. 7:00 til kl. 22:00 på alle veke-dagar. Tilbodet gjeld alle over 16 år. Personar under 18 år må i tillegg ha signatur frå føresett.

Biblioteket er eit offentleg rom og felles eigedom som skal vere til glede for alle. Du vart oppmoda om å hal-de ro og orden på det meirope biblioteket.

For å oppgradere lånekortet ditt til eit nøkkelkort for meirope bibliotek forpliktar du deg til å overhalde:

- Vis omsyn til andre, spesielt ved arrangement i biblioteket.
- Hald orden og ta vare på biblioteket ditt. Det skal vere til glede og nytte for alle som brukar det. Rydd opp etter deg før du forlét biblioteket.
- Rett deg etter gjeldande lånereglar.
- Tilgangen er personleg. Du er ansvarleg for korleis kortet brukast, og du har ikkje lov å sleppe andre inn i meirope tid. – Unntak: Føresette kan ta med barn i meirope tid, men er ansvarleg for dei og må vere saman med dei medan dei er i biblioteket.
- Lokala må forlatast ved brannalarm, stengetid eller andre varslingar.

Når du loggar deg inn i det meirope biblioteket vil det bli registrert at du er der. Biblioteklokale er video-overvaka for at du skal føle deg trygg, og som vern av biblioteket sitt inventar og utstyr. Bildeoptaka blir lag-ra i 7 dagar. Hærverk blir meldt til politiet og overvåkingsmateriale vil då bli overlevert dei. Du vil bli stilt økonomisk ansvarleg for eventuelle øydeleggingar. Opphald i meirope bibliotek skjer på eige ansvar. Brot på kontrakten kan føre til at du misser tilgangen til meirope bibliotek.

Sjå meir informasjon på [kinn.kommune.no](http://kinn.kommune.no) og Facebook sida vår. Der legg vi også ut informasjon om vi må halde stengt for meirope.

## **Eg har lese kontrakten og akseptert vilkåra.**

Namn med blokkbokstavar: .....

Lånekortnummer: .....(fyllast ut av biblioteket)

Fødselsdato: .....

Signatur: .....

Føresett si signatur:.....(gjeld dei under 18 år)

Dato: ..... Legitimasjon: ..... (kryss av)